



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2069

Vår dato  
15.08.2018  
Dykkar dato  
11.06.2018

Vår referanse  
2018/8223 423.1  
Dykkar referanse  
17/664

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Meland kommune - Gnr 23 bnr 4 - Frekhaug - Opparbeiding av parkeringsplass**

Vi viser til ekspedisjon frå Meland kommune, mottatt her 11.06.2018.

#### **Vedtak:**

**Fylkesmannen stadfester Meland kommune sitt vedtak av 23.03.2018, sak 76/2018.**

#### **Bakgrunn**

Meland kommune v/Utval for drift og utvikling gav den 25.04.2017, i sak 43/2017, dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplass på gnr. 23 bnr. 4. Det vart deretter, i administrativt vedtak av 31.05.2017, sak 17/664 - 17/11015, gitt løyve til opparbeiding av offentleg godkjent parkeringsplass.

Vedtaket om løyve til opparbeiding av parkeringsplass vart påklaga av Jarle Hvidsten og Ane Aslaksen ved e-post av 18.06.2017. Fylkesmannen oppheva den 19.12.2017 Meland kommune sitt administrative vedtak av 31.05.2017, og sendte saka tilbake til kommunen for ny behandling.

Meland kommune ved Utval for drift og utvikling ga den 23.01.2018, dispensasjon frå arealformålet friområde til opparbeiding av parkeringsplass på gnr. 23 bnr. 4.

Fylkesmannen stadfesta kommunen sitt dispensasjonsvedtak den 22.03.2018, sak 2018/3563.

Meland kommune gav den 23.03.2018, sak 76/2018, løyve til opparbeiding av parkeringsplassen. Det er dette vedtaket som no er til klagebehandling.

Vedtaket vart påklaga av Jarle Hvidsten ved e-post av 13.04.2018. Klagar visar vidare til at Meland kommune har gitt dispensasjon i strid med pbl § 19-2 i dette tilfellet. Fylkesmannen viser elles til innhaldet i klaga.

Utval for drift og utvikling behandla saka i møte den 05.06.2018, og tok ikkje klaga til følgje. Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 femte ledd.

## Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si behandling av saka. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan sjølv treffa nytt vedtak i saka eller oppheva det kommunale vedtaket og sende saken attende for heilt eller delvis ny behandling, jfr. forvaltningslova (fvl) § 34.

Fylkesmannen viser til at vi i vedtak av 22.03.2018 stadfesta Meland kommune sitt vedtak om dispensasjon av 23.01.2018. Vi har deretter vurdert saka på ny, og i avgjerd av 03.07.2018 avgjorde vi å ikkje gjere om dette. Dispensasjonsspørsmålet er dermed endeleg avgjort.

Denne saka gjeld klage på løyvet til oppføring av parkeringsplass. Ved vurderinga av saka legg Fylkesmannen derfor til grunn at dei nødvendige dispensasjonane er gitt.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-4 at kommunen skal «*gi tillatelse dersom tiltaket ikkje er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven*». Dersom tiltaket ikkje er i strid med plan- og bygningslova, har altså tiltakshavar rettskrav på eit løyve.

I klagar er det mellom anna gjort gjeldande at trafikksikkerheita i området ikkje er god nok. Det vert vist til at Mjåtvæitvegen er smal, utan fortau og utan fotgjengerovergang og at han derfor er ueigna som tilkomstveg til parkeringsplassen. Det vert vidare vist til at det står ein mur med ei høgd på om lag to meter i siktsona.

Meland kommune har i samband med klagebehandlinga den 05.06.2018 uttalt at:

«*Når det gjeld fortau er dette regulert langs heile Mjåtvæitsvegen, og store delar av fortauet er allereie etablert. Meland kommune prosjekterer dette året eit fortau på om lag 165 meter frå klagar sin eigedom mot sør/vest langs Mjåtvæitsvegen, og opparbeidinga av dette er tenkt gjennomført i 2019. Rådmannen føreset at ein ved prosjektering og gjennomføring vurderer sikkerheita blant anna for gåande/syklande som må krysse Mjåtvæitsvegen for å komme til Frekhaugkaien. Resterande del av regulert fortau vil bli opparbeida i samband med utbygging etter Detaljreguleringsplan for Danielsen skule, planid: 125620110005.*

*Ved etablering av fortau vert det betre tilrettelagt for at ein kan gå til kaien. I tillegg er det planlagt oppstart av bussruter til og frå Frekhaugkaien frå august i år, og i den samanheng vil busstopp og ny merking av parkeringsplassar på kaien bli opparbeida i løpet av sommaren. Begge tiltaka legg til rette for redusert biltrafikk til kaien.*

*Statens vegvesen har registrert ei trafikkmengd på Havnevegen til ÅDT (årsdøgntrafikk) 1100 i 2005. Rådmannen kan ikkje sjå at oppstart av hurtigbåt til Bergen tilseier ei vesentleg høgare trafikkmengd no. Parkeringsplassen på Frekhaugkaien har i dag om lag 40 plassar. Dette vil bli redusert til vel 30 plassar når det skal leggjast til rette for bussamband til kaien. I tillegg er det 54 parkeringsplassar ved den nye parkeringsplassen. Dette er under 200 bilar om dagen, altså ein ÅDT på 1300, når begge parkeringsplassane er fylt opp og under føresetnad av at alle bilane kører Havnevegen. I tillegg kjem trafikk til og frå Danielsen skule, som i 2017 hadde 150 elevar og om lag 22 ansatte. Delar av trafikken til Danielsen skule nyttar nok Havnevegen som tilkomst, men rådmannen kan heller ikkje sjå at denne trafikken tilseier ei vesentleg høgare trafikkmengd enn i 2005.*

*På bakgrunn av det ovannemnde, og fordi ein del av dei som skal parkere på Frekhaugkaien, den nye parkeringsplassen eller skal til Danielsen skule kører Mjåtveitvegen mot nord, kan rådmannen ikkje sjå at det er sannsynleg at Havnevegen, frå rådhuset til Frekhaugkaien, har ein ÅDT på over 1500 i 2018. Då er det også lite sannsynleg at Mjåtveitvegen (kommunal veg) langs den aktuelle strekningen har høgare ÅDT enn Havnevegen (fylkesveg).*

*Vidare viser rådmannen til at vi er godt kjent i området, og har prøvd avkøyringa fleire ganger. Vi kan ikkje sjå at muren som klagar viser til står i siktsona for avkøyringa. I tillegg er fartsgrensa på vegen 40 km/t og det er fartshumper på begge sider av avkøyringa. Fartshumpene er vurdert som eit godt tiltak for å redusere hastigheita forbi parkeringsplassen.»*

Fylkesmannen viser til at Meland kommune har gjort ei grundig vurdering av trafikksituasjonen i området. Vi har ikkje merknadar til denne vurderinga.

Vi kan elles ikkje sjå at tiltaket er «*i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven*». Det må derfor gis løyve til omsøkte tiltak.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å gjøre om Meland kommune sitt vedtak av 23.03.2018, sak 76/2018. Klaga har ikkje ført fram.

Fylkesmannens vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jfr. fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

Cathrine Tvedt Lorentzen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Jarle Mangerøy Hvidsten Mjåtveitvegen 27 5918 FREKHAUG